

# Utviklingsplan

# Horpestad skule


## 2022-2024

*«Med blikk for alle»*



## Innhald

|            |                                                                |           |
|------------|----------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1.0</b> | <b>Oppsummering av 2021/2022</b>                               | <b>3</b>  |
| <b>1.1</b> | <b>Utviklingsområdet 2021/2022 og tankar om neste skuleår.</b> | <b>3</b>  |
| <b>1.2</b> | <b>Analyse av Horpestad skule sitt læringsresultat.</b>        | <b>4</b>  |
| 1.2.1      | Nasjonale prøvar                                               | 4         |
| 1.2.2      | Kartleggingsprøvar                                             | 4         |
| <b>1.3</b> | <b>Analyse av Horpestad skule sitt læringsmiljø</b>            | <b>5</b>  |
| 1.3.1      | Elevundersøkinga                                               | 5         |
| 1.3.2      | Foreldreundersøkinga                                           | 6         |
| <b>2.0</b> | <b>Utviklingsområde 2022/2024</b>                              | <b>8</b>  |
| <b>2.1</b> | <b>Tidleg innsats</b>                                          | <b>8</b>  |
| <b>3.0</b> | <b>Frå kompetanseutvikling til drift</b>                       | <b>12</b> |



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringsa

## 1.0 Oppsummering av 2021/2022

### 1.1 Utviklingsområdet 2021/2022 og tankar om neste skuleår.

Skulen har dei to siste åra hatt innføring av ny læreplan og inkluderande skulemiljø som utviklingsområde.

#### **Fagfornyinga:**

Vi har jobba ein del med modular i digital kompetanse hausten 2021. Vi har prøvd ut Dig Up sitt planleggingsverktøy som er bygd opp rundt fagfornyinga. Vi har og prøvd ut Learn Lab, som og er eit pedagogisk planleggings/undervisningsverktøy.

Den nye kommunale språkplanen har og vore tema på team og pedagogisk utviklingstid (PU). Denne skal vi bruke meir tid på å implementere neste skuleår.

Vi held på med å lage gode årsplanar for faga, der evaluering og refleksjon er viktig. Vi ønsker å lage planar der idear og gode opplegg vert delt.

På team og i PU har vi jobba oss gjennom nasjonale prøvar i lesing og engelsk, og reflektert over kva vi kan ha meir fokus på eller endre i arbeidet vi gjer på trinna.

På teama har vi fortsett med å dele gode undervisningsopplegg/aktiviteter.

#### **Inkluderande skulemiljø:**

Vi var ferdige med prosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø til jul 2021. Etter det starta arbeidet med å vidareføra alt vi har lært til kvardagen på Horpestad skule. Vi har vore gjennom mange gode foredrag, refleksjonar, drøftingar og utprøvingar. Å setje teori ut i praksis kan vere utfordrande. Vi vil fortsette med å ha trykk på den inkluderande vaksne, den inkluderande undervisinga og reflektere over vår praksis. Planen for trygt skulemiljø vi vere vår rettesnor, og vil vere levande i vårt arbeid for å gjere skulekvardagen for alle elevane trygg og god.

## 1.2 Analyse av Horpestad skule sitt læringsresultat.

### 1.2.1 Nasjonale prøvar

Resultata dette året var betre enn forventa i lesing og rekning. I lesing er elevane våre best i kommunen, og i rekning har vi og eit svært godt resultat. Vi er ikkje heilt fornøgde med resultatet i engelsk, her ligg vi litt under landsgjennomsnittet. Vi vil derfor prioritere innkjøp av nytt læreverk for engelsk i 3. og 4.trinn, samt arbeide meir tverrfagleg i engelsk for å kunne bruke meir tid til engelsk.

|                        | Engelsk   | Lesing    | Rekning   |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Nasjonalt snitt        | 51        | 50        | 50        |
| Klepp kommune          | 49        | 49        | 50        |
| <b>Horpestad skule</b> | <b>48</b> | <b>52</b> | <b>55</b> |

Vi har plan for arbeidet med nasjonale prøvar, den inkluderer det vi skal gjere før og etter gjennomføringa. Analyser av resultat og vidare arbeid med desse vert gjort mellom lærar og rektor, i team og i utviklingsgruppa. Nokre elevar fekk lesehjelp på prøven i rekning. Vi tenker at dette gjorde at fleire av dei fekk vist kva dei kan av grunnleggande ferdigheiter i rekning.

Når det gjeld engelsk, er det fleire av elevane som har god munnleg kompetanse, men som ikkje får vist det dei kan i engelsk fordi leseferdigheitene gir dei utfordringar.

### 1.2.2 Kartleggingsprøvar

Denne året var det endring i organisering av dei nasjonale kartleggingsprøvene. Prøvene for 1.trinn om våren er frivillige, men prøvene til 3.trinn vil vere obligatoriske om hausten. Det er slutt på kartleggingsprøvar på 2.trinn, prøvene 3.trinn tek om hausten skal måle kva elevane har lært til og med 2.trinn. Vi har derfor lite resultat å vise til her, men elevane våre tok kartleggingsprøvene i 1.trinn, og vi er glade for at dei viser at ingen av elevane våre er under kritisk grense verken i lesing eller i rekning. Vi har fast på sporet-opplegg for nokre av elevane i 1.trinn og ser at det nok har gitt gode resultat for desse. På sporet er eit forskingsbasert eksempel på intensiv opplæring for elevar på 1.trinn som strever med å kome i gang med lesing.

## 1.3 Analyse av Horpestad skule sitt læringsmiljø

### 1.3.1 Elevundersøkinga

|                                 | Horpestad skule 6.trinn<br>Haust 2021 | Horpestad skule 7.trinn<br>Haust 2021 | Klepp kommune<br>7.trinn<br>Haust 2021 |
|---------------------------------|---------------------------------------|---------------------------------------|----------------------------------------|
| Trivsel                         | 4,3                                   | 3,8                                   | 4                                      |
| Støtte fra lærer                | 4,6                                   | 4,6                                   | 4,2                                    |
| Støtte hjemmefra                | 4,3                                   | 3,7                                   | 4,1                                    |
| Vurdering for læring            | 3,9                                   | 4,1                                   | 3,5                                    |
| Læringskultur                   | 3,9                                   | 3,9                                   | 3,8                                    |
| Mestring                        | 4,2                                   | 4,0                                   | 3,9                                    |
| Motivasjon                      | 3,8                                   | 3,5                                   | 3,4                                    |
| Elevdemokrati og medvirkning    | 3,6                                   | 3,7                                   | 3,5                                    |
| Felles regler                   | 4,3                                   | 4,1                                   | 4,3                                    |
| Mobba av andre elevar på skulen | 4,5                                   | 4,4                                   | 4,7                                    |
| Faglig utfordring               | 4,5                                   | 4,4                                   | 4                                      |

**Elevundersøkinga** viser at dei fleste av dei eldste elevane trivs på skulen, og at dei har nokon å vere saman med i friminutta. Dei opplever at lærarane støttar dei og har trua på at dei kan gjere det bra. Elevane opplever meistring og fagleg utfordring. Elevane opplever at det er trygt på skulen, men nokre har svara at dei av og til har blitt plaga av andre elevar på skulen. Når det gjeld læringskulturen, svarer elevane at lærarane syns det er greit at dei gjer feil fordi dei lærer av det, men det er nokre elevar som opplever at det er for liten arbeidsro og at dei ikkje er nok opptatt av å jobbe godt med skulearbeidet. Motivasjonen til elevane auka i fjor, men er gått tilbake igjen i år. Når det gjeld medverknaden i skuledagen, er det spørsmålet om dei får vere med å føreslå korleis ein skal arbeide i faga som trekker ned. Eit par av elevane seier at dei har vorte plaga eller mobba av andre meir enn ein gong i månaden. Vi har hatt Klasse-trivselundersøking for å finne ut kva dette handlar om, og har hatt samtalar med elevane og sett inn nokre tiltak.

### 1.3.2 Foreldreundersøkinga

| INDEKS                 | 2021       | 2019       | 2018       |
|------------------------|------------|------------|------------|
|                        | <b>93%</b> | <b>87%</b> | <b>76%</b> |
| Motivasjon             | <b>4,4</b> | 4,5        | 4,4        |
| Støtte frå lærarane    | <b>4,6</b> | 4,9        | 4,7        |
| Trygt miljø            | <b>4,4</b> | 4,6        | 4,6        |
| Dialog og medvirkning  | <b>4,8</b> | 4,9        | 4,9        |
| Informasjon frå skulen | <b>4,5</b> | 4,6        | 4,6        |

På **foreldreundersøkinga** dette skuleåret var svarprosenten vår 93, det er den høgaste svarprosenten vi har hatt, og det er vi svært godt fornøgde med. Vi ser at det er marginale forskjellar frå førre år. I følge føresette, så trivs elevane svært godt på Horpestad. Elevane har vener og lærarar som ser og støttar dei. Føresette meiner det er eit godt og trygt miljø og at dei fleste elevane er motiverte til å gå på skulen. Føresette opplever at elevane har svært god støtte av lærarane sine, og opplever at oppgåvene elevane får passer greitt i forhold til vanskegrad, og at det er rom for å gjere feil i klasserommet. Når det gjeld spørsmåla kring dialog og medverknad er føresette svært fornøgde, dei vert møtt positivt, dei opplever å bli tatt på alvor og at det er lett å få treffe både lærarar og leiarar. Dei er og fornøgde med informasjonen frå skulen. Vi ser av resultata at føresette til dei yngste elevane stort sett er litt høgare enn resultata frå føresette til dei eldste elevane våre.

### 1.3.2 Medarbeiderundersøkinga

Annakvart år svarar dei tilsette i kommunen på medarbeiderundersøkinga 10-faktor. Dette er ei forskingsbasert undersøking som bygger på innsatsfaktorar som er viktige for å oppnå gode resultat. Dette er faktorar på både medarbeider-, gruppe-, organisasjons-, og leiarnivå.

Det vil vere eit svært godt utgangspunkt for å drive ein god skule at dei tilsette har motivasjon for arbeidet, meistringstru og opplever at dei har kompetanse til å gjere ein god jobb. Å arbeide i eit meistringorientert klima, som er prega av samarbeid, fleksibilitet og rolleklarheit, samstundes som ein har moglegheit til å arbeide sjølvstendig, vil vere viktige for den einskilde sin motivasjon i ein krevjande jobb. Vi har svært gode resultat på denne undersøkinga også nå i 2021.

| FAK<br>TOR |                                              | Horpestad<br>skule<br>2021<br>(2019) | Norge<br>Barne-<br>skular | Beskrivelse                                                                                                                                                                                 |
|------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|---------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1          | <b>Indre<br/>motivasjon</b>                  | 4,7 (4,6)                            | 4,3                       | <i>Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende.</i>                                                           |
| 2          | <b>Mestrings-<br/>tro</b>                    | 4,4 (4,3)                            | 4,3                       | <i>Mestringsstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og mulighet til å mestre utfordringer i jobbsammenheng</i>                                               |
| 3          | <b>Autonomi</b>                              | 4,8 (4,6)                            | 4,3                       | <i>Medarbeidernes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle.</i>                |
| 4          | <b>Bruk av<br/>kompetanse</b>                | 4,4 (4,4)                            | 4,3                       | <i>Medarbeidernes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb.</i>                                                                           |
| 5          | <b>Mestrings-<br/>orientert<br/>ledelse</b>  | 4,8 (4,7)                            | 4,0                       | <i>Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.</i> |
| 6          | <b>Rolleklarhet</b>                          | 4,7 ( 4,7)                           | 4,3                       | <i>Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.</i>                                                             |
| 7          | <b>Relevant<br/>kompetanse<br/>utvikling</b> | 4,2 (4,3)                            | 3,6                       | <i>Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.</i>                                                             |
| 8          | <b>Fleksibilitets<br/>vilje</b>              | 4,6 (4,6)                            | 4,5                       | <i>Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav</i>                                                                          |
| 9          | <b>Mestrings-<br/>klima</b>                  | 4,6 (4,8)                            | 4,2                       | <i>I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best.</i>                                                      |
| 10         | <b>Prososial<br/>motivasjon</b>              | 4,7 (4,9)                            | 4,7                       | <i>Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter.</i>    |

## 2.0 Utviklingsområdet 2022/2023 og 2023/2024

### 2.1 Tidleg innsats

**Vi vil ha sær søkelys på tidlig innsats for sårbare barn.**

Drøfting og refleksjon i utviklingsgruppe og i PU-tid har ført til at vi ønsker å styrke vår kompetanse i arbeidet med tidleg innsats. Dette kan til dømes vere elevar med konsentrasjonsutfordringar, sosial/emosjonelle, faglege eller fysiske utfordringar. For dei to neste åra vel vi å ha fokus på elevar med utfordringar fagleg; lesing og skriving, og elevar med konsentrasjonsutfordringar. Desse utfordringane kan og vere grunnen til at eleven får sosiale eller emosjonelle utfordringar.

**Hovudmåla for arbeidet vårt vil derfor vere:**

Elevar med konsentrasjonsutfordringar og /eller elevar med utfordringar i lesing og skriving vert ivaretatt og har det trygt og godt på Horpestad skule.

Vi er gode til å oppdage og sette inn rette tiltak til elevar som har utfordringar med lesing, skriving og konsentrasjon.

**For å kunne arbeide mot desse måla er det viktig at det i alle klasserom er god struktur og gode rutinar.**

**Vi har sett nokre tiltak / standardar for å sikre dette:**

Trinnmøter kvar annakvar veke i eit friminutt

Vaksne er i klasserommet frå 08.10

Lage klassereglar saman med klassen i starten av året

Fokus på at alle dei vaksne kjenner reglane og eventuelle konsekvensar

Skriftleggjort rutine ved oppstart av dagen (helse i døra, lesesiesta ...)

Skriftleggjort rutine for overgangar

Agenda for dagen på tavla

**Vi veit og at samarbeidet mellom heim og skule er sær s viktig for desse elevane.**

**Dei føresette må oppleve seg ivaretatt og inkludert, og ha medverknad i og vere engasjerte i det som skje på skulen.**

**For å legge til rette for dette vil vi arbeide vidare med å:**

Ha kontakt med føresette både ved å gi positiv tilbakemelding og når noko er ugreit.

Sikre at føresette veit kva som rører seg på skulen, informere på heimesida og Visma.


Bruke foreldremøte til å invitere til innspel, vise kva ein forventar, korleis ein bør arbeide med lekser, td leselekser.

Vere den profesjonelle parten i samarbeidet uansett.

Arbeide med case om utfordrande foreldresamarbeid

| Mål                                                  | Tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>1</b><br><br><b>Kleppmodellen er implementert</b> | Følgje planen for implementering av modellen i PU-tid og SFO-tid.<br><br>Øve på bruk av verktøya i modellen<br><br>Oppdaging – heile personalet på plandag i august<br><br>Bruke rette omgrep når vi snakkar om tidleg innsats<br><br>Sikre at vi har dei møta vi skal for å oppfylle planen<br><br>Informere om planen på foreldremøte |
| <b>Suksesskriterium</b>                              | Modellen er i aktiv bruk<br><br>Dei tilsette er trygge på dei ulike delane av modellen<br><br>Tiltak og møter er godt dokumentert.<br><br>Heimen er involvert ved bekymring og tiltak.<br><br>Samarbeidspartnarane våre er nøgde med arbeidet vårt.                                                                                     |

| Mål                                                                                                                                     | Tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>2</b></p> <p>Tilsette i klasseromma har god kompetanse i korleis ein kan arbeide med elevar som har dysleksi og språkvanskar.</p> | <p>Auke kompetansen til tilsette gjennom skulebasert kompetanseutvikling/ aktuelle kurs.</p> <p>Implementere den kommunale språkplanen, og bruke denne aktivt.</p> <p>Bruke PU-tid, teamtid og anna møtetid til å lese aktuell teori reflektere og drøfte.</p> <p>Prøve ut i klasserom - dele erfaringar. Lesson Study.</p> <p>Lage ein plan/idebank for kva som kan vere det viktigaste å kunne /legge til rette for desse elevane.</p> |
| <p><b>Suksesskriterium</b></p>                                                                                                          | <p>Motiverte elevar</p> <p>Gode resultat på elevundersøkinga</p> <p>Alle elevane er inkluderte i og meistrar undervisninga.</p> <p>Føresette opplever at deira elev får god og tilpassa undervisning</p> <p>Lærarane og andre tilsette i klasserommet er trygge på korleis dei skal agere og legge til rette for elevane med ulike språkvanskar.</p> <p>Deling av erfaringar og kompetanse i ulike fora.</p>                             |



| Mål                                                                                                                                   | Tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>3</b><br><br>Tilsette i klasseromma har god kompetanse om korleis ein skal legge til rette for barn med konsentrasjonsutfordringar | Sikre forutsigbar skulekvardag gjennom reglar og rutinar.<br><br>Bruke trinnmøter og teammøter til å dele informasjon, erfaring, få råd og innspel, planlegge observasjon og tiltak.<br><br>Bruke PU-tid til å repetere det vi har lært gjennom IBS og andre kurs og foredrag.<br><br>Lese, drøfte og reflektere rundt relevant teori<br><br>Arbeide med case<br><br>Nytte tid KTT for rettleiing og kompetanseutvikling                                                                                                                             |
| <b>Suksesskriterium</b>                                                                                                               | Motiverte elevar.<br><br>Gode resultat på elevundersøkinga.<br><br>Klare rutinar og reglar i klasserommet.<br><br>Tilsette og eleven sjølv opplever at skulekvardagen fungerer betre og eleven oppnår meir læring.<br><br>Lærarar og andre tilsette i klasserommet er trygge på korleis dei skal agere og legge til rette for elevar med konsentrasjonsutfordringar.<br><br>Deling av erfaringar og kompetanse i ulike fora.<br><br>Heimen opplever at dei tilsette på skulen utviser denne kompetanse, og at eleven har god utvikling og meistring. |

### Vurdering - Klarer vi å nå måla våre?

**Måla er fast tema på team ein gong i månaden**

**Vi reflekterer og vurderer på utviklingsgruppe og i PU-tid**

**Endring og nye tiltak ved behov**

### 3.0 Frå kompetanseutvikling til drift

Vi tenker at utviklingsområdet vil vare gjennom dei to neste skuleåra. Planen er at vi skal over i ny skule hausten 2024. Å arbeide for at vi skal vere gode på tidleg innsats, rutinar og struktur for både oppdaging og tiltak, for alle elevane, er svært viktig på vei mot ein større skule der alt ikkje er like oversikteleg som nå.

Samstundes vil vi siste halvår som Horpestad skule førebu oss til å verte ein del av eit større fellesskap både elevar og vaksne.

Evaluering av kva vi vil ta med vidare av det som fungerer bra hos oss, vil vere eit viktig arbeid.

Kleppelunden skule

